LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Hindenes Hus AS
Pb. 3
5993 OSTEREIDET

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 03.05.2016 |
| Vår: 16/1253 - 16/12109 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 217/7 Romarheimsneset

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad, journalført den 11.04.2016.

Kommunen er i prosessen med å vurdere kva slags kulturminneverdi våningshuset har som SEFRAK-registrert hus og om saka må vidaresendast til Fylkeskommunen for fråsegn, jf. kulturminneloven § 25. Til orientering, så er det 12 ukers frist  for kommunens saksbehandling i desse sakene.

**Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningane viser plan og snitt. Dei viser ikkje fasade. Vi må få tilsendt fasadeteikningar som viser gamal situasjon utan balkong og ny situasjon med balkong.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 25.05.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming [ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arne Skår | Romarheimsneset 8 | 5994 | VIKANES |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hindenes Hus AS | Pb. 3 | 5993 | OSTEREIDET |